

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

IV. RELIGIØSE/MAGISKE FORMLAR

[**821**] N-27122. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 14f, 45; 1990b: 11ff, [38/39]; 1995: 24f; NIyR VI: 241; Ertl 1994: 347; Seim 1994: 293; Knirk 1998: 504.)

Innskrifta står på ein liten trekross, skoren ut i eitt stykke. Stomnen er 50 mm lang og tverrtreet 23 mm. Krossen er 7 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1975, felt FK, hovudfase 8. Den arkeologiske konteksten kan såleis daterast til tida mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet. Det er runer på baa sider av gjenstanden. Innskrifta på side a er 42 mm lang, innråmande krossar irekna. Runene er tilpassa forma på den inskriberte gjenstanden og varierer såleis i høgd frå 9 mm (r. 3) til 21 mm (r. 4). På side b er innskrifta 39 mm lang, krossen til slutt irekna. Runene er frå 9 mm (r. 4) til 21 mm (r.1) høge. Side a har elles ein kross med punkterte armar både før og etter innskrifta. Likeins er det tilsvarande krossar mellom kvar rune. Staven på r. 2 har også 'krossarmar' i nedre kant, og elles er det ein frittstående kross over den runa. Etter siste rune på side a, i høgd med nedre halvdel av staven, er det ein liten kross, der stomn og armar er siselerte og om lag like lange. I høgd med toppen av siste rune er det ein liknande kross, men utan siselerte armar og stomn. Side b har kross til slutt og elles berre ein mellom r. 1 og 2. Runene er godt bevarte og gir ingen problem med lese måte på noko punkt:

† † † † † † † † † †

a) **† a † g † a l † a †**

† † † † † † † † † †

b) **a † g l a l a g l a †**

a) *agla* b) *agla agla*

Innskrifta både på a-og b-sida inneheld det magiske ordet *agla* (ein gong på a-sida og to gonger på b). Ordet er kjent frå mange andre samanhengar i mellomalderen. Det er eit såkalla akronym, danna på grunnlag av følgjande uttrykk frå hebraisk: *atta gibbor leolam adonai* - 'du er sterk i all æve, Herre'. Vi har elles fleire *agla*-innskrifter med runer frå norsk mellomalder. Utanom N822 og dei som er publiserte av Dyvik (1980), Gosling (1989: 178, 185) og NOR 1 (1986: 9), har vi N216, nokså sikkert N348, N636,

N639, N642 og N643. I tillegg finst det fleire upubliserte *agla*-innskrifter, m. a. ei frå Hermannsverk i Sogn (jf. NIyR VI: 88). Formelen på side a her med r. 3 som binderune **al** har forma **agala**. Side b gir også eit litt avstikkande inntrykk med r. 5, **l**, mellom dei to *agla*-formlane. Det siste tilsvarar heilt nøyaktig det vi finn i N642, side a, frå Bryggen i Bergen. På krossen her lyt desse små avvika kanskje helst sjåast som uttrykk for at ristaren ikkje har vore så heilt viss på korleis formelen eigentleg skulle vera. Med alle dei ispedde krossar vi har her, kan det også ha vore lett å gå surr i stavemåten.